

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
047/2018	Kommunestyret i Radøy	PS	13.12.2018

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Einar Færø	18/2664	18/17829

Revisjon av handlingsplan VA-tiltak

Saksopplysingar:

Radøy kommune vedtok Kommunedelplan for vassforsyning og avløp i 2016. I planane er det ein

handlingsplan for tiltak, både utbygging og drift. Ein del av tiltaka er utført i samsvar med planen, andre er av ulike årsaker ikkje ferdigstilt. Kommunen har sidan planen vart vedtatt sett behovet for å oppdatera handlingsplanen både med nye tidspunkt for tiltak i planen, og nye tiltak.

Det vart sett ned ei arbeidsgruppe med representantar frå Teknisk drift. Asplan Viak, ved Tom Monstad, har bistått kommunen i revisjonsarbeidet. Revisjon av handlingsplan (VA) vart kunngjort i lokalavisane juni 2018, med frist 05.08.18 for å koma med innspel. Administrasjonen mottok ingen skriftlege innspel til revisjon av handlingsplanane.

Tiltak som ikkje er utført er vidareført i handlingsplanen. Nye tiltak er:

Vatn:

Vassleidning Storheim-Solheim

Vassleidning Hallandsvatnet-Haukåsen Vassleidning Ishuset –Hella Vassleidning Storsandvik-Remme
Vassleidning ved Rådhuset

Andre tiltak:

I handlingsplanen ligg «Ny vassleidning Bøvågen – Marøy». I same trase som foreslått trase for ny kommunal vassleidning ligg ein privat vassleidning til byggefelt ved Vestre Skorpesundet. Om kommunen kunne få ein avtale om overtaking av denne leidningen, kan tiltaket endrast til å gjelda ny leidning frå Vestre Skorpesundet til Marøy, og opprydding ved å få eksisterande vasskryss i sjøen på land.

For drift av eksisterande anlegg er følgjande tiltak aktuelle å gjennomføre av avsette årlege

driftsmidlar:

1. Tilstandskontroll av eksisterande høgdebasseng.

Då eksisterande basseng etter kvart er blittfleire 10-år gamle er det trong for å få gjort ein tilstandskontroll av bassenga. I seg sjølv er dette ikkje så kostnadskrevjande, men ein må vera førebudd på at undersøkingane kan avdekkja trong for ytterlegare oppgradering.

2. Auka kapasitet UV-anlegg ved eksisterande vassbehandlingsanlegg på Kolås. Kapasitet på eksisterande UV-aggregat er avhengig av vasskvaliteten. Når fargetalet stig i Ulvatnet, slik det gjerne gjer om hausten, fell UV-aggregata sin kapasitet. Fargetalet er framleis på eit slikt nivå at ein ikkje vurderer trong for utvida vassbehandling, men installasjon av eit nytt aggregat vil

auka kapasiteten.

Avløp :

Avløpsanlegg Vetås –Storheim

Reviderte handlingsplanar vart presentert i møte med byggjenemda 8. november 2018.

Byggjenemda hadde ingen merknader til planane.

Behandling i hovudutvalet 3.desember

Hovudutval for plan, landbruk og teknisk handsama saka 3. desember.

Utvalet gjorde følgjande vedtak:

Reviderte handlingsplanar for vatn og avløp vert godkjente slik dei ligg føre.

Hovudutvalet si innstiling til kommunestyret:

Reviderte handlingsplanar for vatn og avløp vert godkjente slik dei ligg føre.

Kommunestyret i Radøy - 047/2018

KS - handsaming:

Leif Taule (SP) sette fram følgjande felles tilleggsframlegg frå SP, AP og KrF:

Kommunestyret viser til søknaden frå Sæhøyen vannlag SA om framføring av vatn og avlaupsleidning til Haugland sør/aust, og dekkjer investeringar på kr 520.000, - til arbeidet. Omsøkte tiltak vert ført inn i revidert handlingsplan for VA-tiltak i 2019. Rådmannen vert beden om å få på plass nødvendige avtalar med sokjarane.

Det vert vert i 2019 sett igang eit utgreiingsarbeid (moglege traséar og kostnadsoverslag) for å få vurdert korleis ein kan få til framføring av kommunalt vatn til bygder i Radøy som i dag - også etter vedtatte handlingsplan er gjennomført, ikkje har kommunal vassforsyning. Dette gjeld m.a.

Valdersnes/Skjelvik, Straume og Kjeseth/Lervik. Utgreiingsarbeidet er tenkt nytta i samband med neste revisjon av handlingsplanen.

Kommunestyret vedtok hovudutvalet si tilråding med tilleggsframlegg sett fram i møtet.

KS - vedtak:

Reviderte handlingsplanar for vatn og avløp vert godkjente slik dei ligg føre.

Kommunestyret viser til søknaden frå Sæhøyen vannlag SA om framføring av vatn og avlaupsleidning til Haugland sør/aust, og dekkjer investeringar på kr 520.000, - til arbeidet. Omsøkte tiltak vert ført inn i revidert handlingsplan for VA-tiltak i 2019. Rådmannen vert beden om å få på plass nødvendige avtalar med sokjarane.

Det vert vert i 2019 sett igang eit utgreiingsarbeid (moglege traséar og kostnadsoverslag) for å få vurdert korleis ein kan få til framføring av kommunalt vatn til bygder i Radøy som i dag - også etter vedtatte handlingsplan er gjennomført, ikkje har kommunal vassforsyning. Dette gjeld m.a.

Valdersnes/Skjelvik, Straume og Kjeseth/Lervik. Utgreiingsarbeidet er tenkt nytta i samband med neste revisjon av handlingsplanen.

Vedlegg:

Kommunedelplan for vassforsyning (L)(200756)

Kommunedelplan for avlop (L)(200757)

Revidert handlingsplan VA-tiltak 2018 (L)(200167)

Referat byggenemnda 081118 (L)(200938)